



Regionrådet Nordhordland v/ sekretariatet
Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy
kommuner v/ rådmann



Vår ref.: 2014/22783-19

Dykkar ref.: «REF»

Bergen, 11.08.2015

Invitasjon til dialog om justeringar i ferjetilbod

I samband med førebuingar til nye anbodskonkurranser for fylkesvegferjene blir det no gjort ei vurdering av rutetilbodet på sambanda.

Skyss ønskjer innspel frå kommunane til justeringar og omprioriteringar i ferjetilbodet, for best mogleg å treffe behovet i kommunane innanfor aktuelle økonomiske rammes.

Skyss inviterer med dette kommunane til å komme med sine innspel, knytt til innmeld sak om dette i møte i Regionrådet Nordhordland 11. september 2015.

I møtet ønskjer Skyss å presentere forslag til nytt rutetilbod for nærliggande ferjesamband. Vi legg opp til at presentasjonen vil ta kring 20 minutt, samt at det blir sett av noko tid til spørsmål og diskusjon i etterkant. Dykk vil også få høve til å melde tilbake innspel knytt til justeringar og omprioriteringar i etterkant av møtet. Skyss planlegg å stille med 2-3 personar i møtet.

Fylkesutvalet sitt vedtak i saken «Nye ferjeambod i Hordaland - strategiske vegval», legg dei strategiske rammene for utviklinga av ferjetilbodet. Fylkesutvalet har vedtatt å leggje til grunn ein miljømodell for utarbeiding av neste generasjons ambod, med krav om lågutsleppsmateriell. Av saka går det fram at finansiering vil bli ei hovudutfordring, og at dagens økonomiske rammes tek ikkje høgde for dei meirkostnadene som vil følgje med ei nyare og meir miljøvenleg ferjeflåte.

Har de spørsmål i forkant – ta kontakt med underteikna (malfrid-vik.sonstabo@skyss.no).

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
Leiar Trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.